



**For dei mange  
- ikkje for dei få**

**Ta kampen for eit **raudt** og **grønt** Øygarden!**

**Øygarden SV**

**Valprogram 2023-2027**

## Kva meiner me?

### Stans klima- og naturkrise

Klima- og naturkrise truar vår måte å leve på. Vår kommune er moglegvis den kommunen i landet med best grunnlag for grøn omstilling. Samstundes vert naturen i kommunen vår bygd ned til fordel for monstormotorveiar framfor god kollektivtransport, strender alle kan vere på og sjø ein kan nytte. Me må endre kurs no!

*«Klimautsleppa skal ned - Og i Øygarden. Det skal skje fort, men utan at nokon fell frå. Samstundes må me frede meir natur og byggje smart. På den måten tek me vare på både klima og natur!!»*

**Ordførarkandidat for Øygarden SV, Jonas Aleksander Foldnes**

### Få ned skilnadane – Bygg opp velferda

I mange år har Solberg-regjeringa nedprioritert, kutta og privatisert velferda. På Stortinget, i fylkesting og i kommunestyret har me tatt kampen og prioritert velferda framfor konstante kutt og privatisering. Det handlar om å inkludere alle og byggja eit velferdssamfunn som me kan vere stolte av!

*«Me kjempar for heilt vanlege øygardsfolk, ingen skal verte forlatne i vår kommune!»*

**Andrekandidat for Øygarden SV, Eva Aarskog**

### Ein kommune med plass til alle

Oppvekst, arbeidsvilkår og eldreomsorg skal styrkjast. Dei unge, vanlege arbeidsfolk og pensjonistar må ha trygge rammer. Me vil sikre gode og offentleg finansierte skular og barnehagar, gode arbeidsvilkår i kommunen og ei eldreomsorg som tek vare på alle

*«Øygarden skal vere trygt å vekse opp, jobbe og pensjonere seg i uavhengig av kor stor lommeboka di er!»*

**Tredjekandidat for Øygarden SV, Symphorien Pombe**

## Me vil mykje, her kan du sjå noko av det

### Øygarden SV vil:

1. Opprette gratis Fysak-tilbod på Ågotnes med til dømes klatrevegg, trampolinar, skatepark, volleyball-, handball- og fotballbane og styrke ungdomsklubbane i kommunen.
2. Senke foreldrebetalinga for skulefritidsordninga (SFO) med mål om å på sikt gjere ordninga gratis.
3. Styrke det kommunale barnehagetilbodet, ved å gå mot ytterlegare privatisering av kommunale teneste og rekommunalisere barnehagar.
4. Auke grunnbemanninga i skule, barnehage og omsorg og lette belastninga for tilsette.
5. Innføre skulemat som gratis frukostmåltid samt frukt og grønt til elevar i skulen!
6. Tilsette ein helsesjukepleiar og miljøterapeut med heil og fast stilling per ungdomsskule og styrke helsestasjonen for unge på Straume.
7. At heiltidsstillingar skal vere norma i kommunen og slik redusere mellombels tilsetting og bruk av overtid.
8. At kommunen skal auke antal lærlingar og doble tilskota til sommarjobb for ungdom.
9. Etablere ein blå bybane med utsleppsfri snøggått mellom ulike stadar i Øygarden og Bergen.
10. Etablere pendlerparkeringsplassar på Kolltveit og Rong og utvide på Staume, Fjell, Skogsvåg og Ågotnes og legge til rette for turgåing ved å anleggje parkering, sti og dagsturhyttar

# Innholdsforteikning

Framsida	1
Kva meiner me?	2
Me vil mykje – Her kan du sjå nokre punkt	3
Innholdsforteikning	4

## Stans klima- og naturkrisa 5-7

Klima	5
Natur	6
Landbruk	7

## Få ned skilnadane – Bygg velferda 7-11

Barnehage	7
Skule	8
Ungdom	9
Bustad	9
Kultur	10
Eldreomsorg	11
Rusomsorg	12

## Ein kommune med plass til alle 13-16

Arbeidsvilkår	13
Distrikt	13
Arealbruk	14
Næringsliv	15
Likestilling	15
Antirasisme	16

## Sjå kven me er! 17

# Stans klima- og naturkrise

## Klima

Klimakrise er ei av, om ikkje den største utfordringa me står overfor. Difor må både stat, fylke og ikkje minst kommune bidra. Me vil at Øygarden skal verte eit ordentleg fyrårn i vest og vise veg for korleis også kommunane kan kutte klimagassutsleppa sine!

Øygarden SV vil:

- Halvere utsleppa frå Øygarden kommune innan 2030.
- Energieffektivisere alle kommunale bygg.
- Etablere ein blå bybane med utsleppsfri snøggått mellom ulike stadar i Øygarden og Bergen.
- Vidareutvikle og etablere fleire grøne arbeidsplassar, basert på utvikling av miljøteknologi og produksjon av miljøvennlige produkt.
- Sikre energitilgangen for straumkrevjande industri ved å bygge ut strauminfrastrukturen i Øygarden.
- Gå mot nye eventuelle nye gasskraftprosjekt utan CO<sub>2</sub>-fangning frå fyrste driftsdag.
- Legge til rette for utbygging av straumproduksjon som havvind og bølgekraft med base i Øygarden.
- legge til rette for småskala straumproduksjon gjennom solceller og andre kjelder til energi slik at det kan først inn i eksisterande infrastruktur for straum (selge straum)
- Fremje og legge til rette for Langskip-prosjektet og legge til rette for anna CO<sub>2</sub>-lagring.
- Opne for hydrogen/ammoniakkproduksjon i kommunen.

## Natur

For mykje natur vert bygga ned og for mykje skrot og plast ligg rundt i vikane våre. Dette er dårleg for klima og for innbyggjarane. Naturen har eigenverdi, og i tillegg vert Øygarden si unike natur nytta til småbruk, tur og andre fritidsaktiviteter. Dette ligg sentralt i strilakulturen og dette vil me ta vare på!

Øygarden SV vil:

- Gje fleire tilgong til strandsona ved å verne om allemannsretten og gjennom fornuftig handheving av strandsonevernet.
- At kommunen aktivt bidreg til å oppretthalde sunne økosystem i havet og i strandsona.
- Si nei til nedbygging av grøntareal, særleg i allereie tett utbygde område.
- Arbeide for å sikre grønne områder ved utbygging av Straume.
- Etablere miljøgate og bystruktur på Straume i allereie utbygde område og hindre øydelegging av natur i nærleiken.
- Gjere Straume til eit attraktivt og gangbart område.
- Samle opp avfall frå fiskeoppdrett for foredling til biodrivstoff.
- Vidareføre ordninga med tilskot til frivillig plastplukking, til dømes ved å tilby gratis avfallsposar, henting og mottak av avfall til resirkulering.
- Gjennomgå plastbruk i all kommunal verksemd for å fase ut bruk av plast.
- Fase ut bruk av gummigranulat på kunstgrasbanar og leikeplassar i kommunen.
- Bygge ut eit betre kjeldesorteringssystem i kommunen.
- Støtte opp under og samarbeide med gjenbruksprosjekt og bruktbutikker i kommunen.
- Sikre grønne lunger i tettbygde områder

## Landbruk

Øygarden er ikkje ei stor landbrukskommune i dag, difor må me ta vare på det me allereie har. Mange held høns, sau og geiter på hobbybasis, dette må me oppfordre til og legge til rette for slik at me held tradisjonane ved like og kulturlandskapet i hevd.

Øygarden SV vil:

- Auke tilskot til slått, beite og småbruk for å ta vare på kulturlandskapet i Øygarden.
- Opprette landbruksråd i kommunen.
- Hindre nedbygging av matjord for å sikre driftsgrunnlag for framtidige generasjonar.
- Styrke veterinærvaktordninga.
- Legge til rette for at landbruket også vert med i det grønne skiftet, ved å gje tilskot for miljøvennleg fôr og anna utsleppsfrie eller utsleppsreducerande tiltak.

## Få ned skilnadane – Bygg velferda

### Barnehage

Barnehagen er borna sin arbeidsplass, og både born og foreldre skal oppleve at det er ein trygg og god stad å være. Det skal og være ein god plass for dei tilsette.

Øygarden SV vil:

- Legge til rette for at barnehagane sjølve skal bestemme satsingsområde og innhald etter lokale høve, med pedagogisk fridom til den einskilde barnehage.
- Det skal vere like rammer for private og offentlege barnehager
- Behalde kontinuerleg barnehageopptak.
- At tospråkleg personale vert tilsett ved behov.

- Gå mot all nedlegging av barnehagar før ein heilskapleg barnehage- og skulebruksplan ligg føre.
- Krevje folkemøte ved eventuell nedlegging av barnehagar
- Auke grunnbemanninga i barnehagane og gje betre arbeidstilhøve for dei tilsette
- Sikre god barnehagedekning over heile kommunen. Alle skal få tilbod om barnehageplass i nærleiken av der dei bur.
- At det vert tilsett personale som dekkjer behova til barna.
- Innføre hjartesonar med bilfrie områder og lav fartsgrense rundt barnehagane.
- Hindre profitt i barnehagesektoren og jobbe for at kommersielle barnehagar vert rekommunalisert.
- Etablere og vedlikehalde gode leikeområder både i boligområder og i offentlege rom

## Skule

Skulen i dag er altfor detaljstyrt. Lærarar får ikkje fridomen til å undervise slik dei synst er best, og elevar går gjennom eit test- og puggeregime som ikkje fremjar læring og meistring. Både lærarar og elevar skal trivst i skulen, og ikkje minst vere trygge for mobbing, trakassering og vald på skulen.

Øygarden SV vil:

- Skulane sjølve skal bestemme satsingsområde og innhald etter lokale høve. Det skal vere rom for pedagogisk fridom for den einskilde skule.
- Krevje at alle som underviser i skulen skal ha godkjend eller pågåande lærarutdanning. Her må kommunen ha gode kompetanseplanar og tilrettelegge for både utdanning og vidareutdanning.
- At alle som arbeidar i skulen skal ha fagutdanning tilpassa oppgåva dei skal utføre.



- Ha tilsett fast vikar og/eller etablere ein kommunal vikarsentral ved alle skular og eliminere bruk av bemanningsbyrå.
- Innføre hjartesonar rundt alle skular i kommunen med til dømes lågare fart, fartshumpar og anna trafikksikringstiltak.
- Senke foreldrebetalinga for skulefritidsordninga (SFO) med mål om å på sikt gjere ordninga gratis.
- Styrke kulturskulen slik at fleire kan få nytta tilbodet

## Ungdom

Ungdommen er framtida, men også notida. Unge må kunne bygge seg opp i livet med fridom til å velge yrke og fritidsaktivitet. Det må sikrast gode og varierte fritidstilbod.

Øygarden SV vil:

- At kommunen skal tilby fleire ungdommar sommarjobb.
- auke antal lærlingar tilsett i kommunen.
- Innføre Oslo-modellen som sikrar lærlingplassar og hindrar sosial dumping.
- Aktivt motarbeide ekskludering, trakassering og utnytting av unge tilsette i offentleg og privat sektor.
- Opprette gratis fysaktilbod på Ågotnes og Straume med til dømes klatrevegg, trampolinar, skatepark, volleyball-, handball- og fotballbane og styrke ungdomsklubbane i kommunen.
- Styrke dei eksisterande lånetilboda for fritidsaktivitetar som kano-, kajakk- og båtturar, volley-, hand- og fotballspel og klatre-, fiske- og andre turmoglegheiter.
- Videreføre og utvide det noverande BUA-tilbodet

## Bustad

Øygarden skal vere ei god plass å bu for alle. Eigedomprisane aukar samstundes som kjøpekrafta går ned. Det gjer at mange, særleg unge, slit med å etablere seg i bustadmarknaden. Denne utviklinga vil me snu!

Øygarden SV vil:

- Auke tilgang til deleige eller leige-til-eige i samarbeid med utbyggare og bustadbyggjelag.
- Aktivt informere om og auke bruk av startlån gjennom Husbanken.
- Gjere om kommunale bygg som ikkje lenger er i bruk til bustadar, til dømes gjennom Bustadstiftinga.
- Opprette kommunalt bustadkontor og byggje fleire kommunale bustadar.

## Kultur

SV er eit stolt kulturparti og det skal me halde fram med. Gode kulturtilbod er avgjerande for lokal identitet, noko me ser stor verdi i å ta vare på!

Øygarden SV vil:

- Etablere livssynsnøytralt seremonirom.
- Tilretteleggje for livssynsnøytral minnelund og minnevegg.
- Styrke musea i kommunen,
- Tilsette lokale guidar for å ha eit tilbod til turistar for å lære om historia, naturen og kulturen me er så stolte av.
- Bruke kommunale bygg, til å fremje lokalt kulturliv.
- Bevare strilakulturen ved å støtte lokale eldsjeler og prosjekter.
- Styrke tilbod som Kystpasset, stikk- ut turer ol.
- Legge til rette for fleksibel bruk av offentlege bygg
- Vidareutvikle fleksible transporttilbod med bestillingsbuss/bilar dag, særleg på kveldstid og i helg.
- Legge til rette for e-sport i kommunen.

## Eldreomsorg

I seinare tid har me fått sjå fleire uakseptable høve ved norske sjukeheim. Dette er menneskerettsbrot og uakseptabelt. Me må sikre at både tilsette og bebuarar ved sjukeheimar får gode høve.

Øygarden SV vil:

- Sikre nok sjukeheimsplassar.
- Auke bemanninga på sjukeheimane og i heimetenesta og lette arbeidstrykket på tilsette.
- Gå mot oppstykking og privatisering av eldreomsorgen.
- Jobbe for gode aktivitetstilbud for eldre i kommunen saman med andre sjukeheimar og frivillege organisasjonar.
- Kjempe mot einsemd i eldreomsorgen.
- Etablere ei helsestasjon for eldre.

## Rusomsorg

Øygarden kommune skal være ein god stad å bu. Det krev at kommunen kan levere gode velferdsteneste til alle som treng det, når dei treng det, uavhengig av personleg økonomi. Det gjeld ikkje minst rusavhengige. Me vil ha hjelp, ikkje straff!

Øygarden SV vil:

- Styrke lågterskeltilboda for rusavhengige.
- Ha boligar med heildøgns personaldekning for dei som fell utanfor bustadsmarknaden grunna rus og/eller psykiske helseproblem
- Ha eit godt psykologtilbod i kommunen, særleg for unge.
- Sikre at alle terapibassenga er ope og tilgjengelege
- Få på plass handlingsplan for rus og psykiatri i kommunen.
- Vidareutvikle demenslandsbyen kring Kvednatunet.
- Opprette demenslandby rundt Tednabakkane.



# Ein kommune med plass til alle

## Arbeidsvilkår

Me bur ikkje i ein liten kommune. Øygarden er ein stor arbeidsgjevar og me som politikarar har eit ansvar for å sikre gode arbeidsvilkår for våre tilsette. Dette inneber mellom anna at dei tilsette skal få større fridom i arbeidsverksemda si.

Øygarden SV vil:

- At heiltidsstillingar skal vere norma i kommunen.
- Redusere bruken av mellombels tilsette og redusere overtidsarbeid.
- Opprette kommunal vikarsentral og tilsette faste vikarar tilknytt eininga.
- At kommunen aktivt legg til rette for inkludering av personar med yrkeshemming, helseproblem og andre sosiale vanskar.
- Lette arbeidsmengda for eldre arbeidstakarar så ein kan helde fram til pensjonsalder.
- At kommunale oppdrag berre går til firma som har ordna løns- og arbeidstilhøve for sine tilsette og som følgjer ILO-konvensjonen.
- Motarbeide ekskludering, trakassering og anna ugrei oppførsel på arbeidsplassar.
- Ha ein god kultur blant tilsette i kommunen for å melde avvik og for god ivaretaking av varslarar.
- Sikre verneomboda si plass i bedrifta, og styrke trepartssamarbeidet.

## Distrikt

Øygarden er ei langstrakt kommune. Øygardsfolk bur både bynært og byfjernt. Difor må me sikre at ein kan bu der ein vil bu sjølv. Difor kan ikkje all utvikling skje på Straume, me må sikre gode sentrum og gode tenester i nærleiken av folk og kollektivkoplingane mellom desse.

Øygarden SV vil:

- Sikre tenester som barnehage, skule, butikk, helse og omsorg ved å byggje i nærleiken av kommunedelsentrane for å sikre kortast mogleg avstand til tenestene.
- Etablere helikopterterminal i Øygarden kommune lokalisert slik at ein kan fly til/frå Nordsjøen utanom bustadområde.
- Sikre utvikling i gamle Sund og Øygarden for å sikre at utviklinga ikkje berre skjer i Fjell og på Straume.
- Gå mot kutt i vedlikehald av kommunale bygg og styrke vaktmestertenesta, for å hindre at gode arenaer for lokal aktivitet vert lagt aude.
- Etablere pendlerparkeringer på Kolltveit og Rong og utvide på Staume, Fjell, Skogsvåg og Ågotnes.

## Arealbruk

I hundrevis av år har strilafolk nytta skjergarden og dei mange øyane våre til fiske, småbruk og rekreasjon. Sentralt i kyst- og strilekulturen ligg nettopp bruk av områda rundt oss. Difor må vi ta vare på naturen rundt oss og legge til rette for bruk av områda rundt oss.

Øygarden SV vil:

- Arbeide for arealnøytralitet, som vil si at for alt ein byggar ut skal ein verne like mykje.
- Ha eit strengt regime for å anlegge nye kraftlinjer, ved sårbart landskap skal dei leggest i jorda eller i sjøen.
- Gassrørledningar skal leggest i sjø for å sikre at det ikkje vert bandlagt store områder med stor ulempe for nærmiljøet.
- Hindre utbygging som øydelegg naturmangfald, særleg i strandsone, myr og lynghei.
- Legge til rette for turgåing ved å anleggje parkering, sti og dagsturhyttar

## Næringsliv

Øygarden har mange små bedrifter som leverer tenester og produkt lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Disse må me støtte opp om, framfor multinasjonale bedrifter som driv rovdraft på arbeidarar, klima og miljø.

Øygarden SV vil:

- Støtte og styrke det lokale næringslivet.
- Auke tilskota til og fremje grønne prosjekt og omstilling av bedrifter i kommunen.
- Bidra til at næringslivet i kommunen vert kopla meir opp mot dei andre næringsklynga i Bergensområdet og lokale utdanningsinstitusjonar.
- Stoppe og reversere privatisering av offentlege teneste, særleg i kommunal regi.
- Erklære Øygarden kommune som skatteparadisfri sone.
- At kommunen aktivt veljar lokale aktørar utan tilknytning til skatteparadis i anbod- og innkjøp.
- Byggja ut infrastruktur som informasjonsskilt, parkering og benkar ved destinasjonar i Øygarden for å auke turisme til kommunen, særleg sykkelturisme, men berre på premissane som lokalbefolkninga ligg.

## Likestilling

Likestilling er en menneskerett som betyr at alle personer skal ha like rettigheter og muligheter i samfunnet, uavhengig av blant annet kjønn, etnisitet, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, religion og livssyn. Likestillinga er komen langt, men me har framleis mykje igjen før vi har full likestilling i samfunnet.

Øygarden SV vil:

- Innføre rett til heile og faste stillingar i kommunen.
- Sikre likelønna for kommunalt tilsette.
- Auke grunnbemanninga i kvinnedominerte sektorar, til dømes innafor helse og omsorg.
- Ta kampen mot vald i nære relasjonar, me vil leggje meir pengar på bordet i krisesenteravtale med Bergen så kvaliteten på tilbodet vert betre og kan utvidast
- Få på plass handlingsplan mot vald i nære relasjonar
- Sikre riktig og gratis prevensjon til unge gjennom helsestasjonen for ungdom på Straume og elles på skulane.
- Ha stasjonar på alle skular og kommunale bygg med gratis bind og tamponggar.
- Sikre auka kunnskap om kjønns- og seksualitetsmangfald, inkludert menneskje med kjønnsinkongruens og skeive med minoritetsbakgrunn, hos fastlegar og psykologar i Øygarden.
- Sikre at kommunen har god kompetanse på kjønnsinkongruens og skeive.
- Sikre universell utforming i alle offentlege bygg og uterom.

## Kamp mot utenforskap

Framleis møter minoritetar fordommar og diskriminering i samfunnet. Det gjeld også i Øygarden. Dette kan ikkje helde fram og difor må kommunen ta ei aktiv rolle i kampen mot rasisme, homofobi og utenforskap.

Øygarden SV vil:

- Få på plass handlingsplanar mot rasisme og homofobi på alle skular i kommunen.
- At tilsette i kommunen får kurs i å kjenne igjen og motverke rasisme og homofobi på sin arbeidsplass.
- Aktivt arbeide for at kommunen tek eit særleg ansvar for å tilsette innvandrar og kalle dei inn til intervju.



## Sjå kven me er!

På lista vår har me folk frå heile kommunen, alle aldrar og med alle slags moglege hjartesaker.

Dette er ei liste me er utruleg stolte av!

## Våre kandidatar

- 1. Jonas Aleksander Foldnes, fødd i 2002, Foldnes.**
- 2. Eva Aarskog, fødd i 1961, Valahøgda.**
- Symphorien Pombe, fødd i 1973, Telavåg.
- Marianne Rosenvold, fødd i 1968, Foldnes
- John Morten Øvrebø, fødd i 1960, Breivik.
- Yngve Haugsdal, fødd i 2004, Foldnes.
- John-Helge Høgli Myntevik, fødd i 1993, Ebbesvik.
- Maila Oen Hellesøy, fødd i 1984, Oen.
- Emil Kvebæk Øvretveit, fødd 2002, Telavåg.
- Sunniva Sebdal Knudsen, fødd i 2003, Foldnes.
- Paul Elias Bakken, fødd i 1950, Søre Bildøy.
- Richard René Johansen, fødd i 1998, Telavåg.
- Beathe Blom Watnedal, fødd i 1972, Blomvåg.
- Eli Bergsvik, fødd i 1949, Kolltveit.
- Gry-Kari Randem, fødd i 1969, Vorland.
- Mette Bøthun, fødd i 1957, Straume.
- Atli Mar Oddson, fødd i 1985, Oen.
- Grethe Olsen Sagvåg, fødd i 1955, Ågotnes.
- Berit Erstad Andersen, fødd i 1946, Straume.
- Christine Taule, fødd i 1971, Rong.
- Annette Zwiilmeyer Rosenvold, fødd i 1940, Foldnes.